

Nesbø 27.03.2025

Alt. 1. Frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Bortnen, og sjøkabel ut til petroleumsfeltet.

Alt. 2. Frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel ut til petroleumsfeltet.

Alt. 3. Frå Hennøy transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel ut til petroleumsfeltet.

Merknad til Alternativ 2 og 3.

Vi er sterkt i mot desse alternativa, grunna:

Desse alternativa vil be røre oss involverte grunneigarar på ein særskild inngripande måte både når det gjeld natur og verdiane på eigedommane. Det vil virke negativt på bu lysta og forringa livskvaliteten på innbyggjarane og hytte eigarane. Både dei berørte grunneigarane og folk generelt på Nesbøstranda. Djupvika var framtidig nytta til rekreasjon som f.eks. badestrand og fiske.

Det er også det einaste området der innbyggjarane på Nesbø har tilgang til strand i utmark.

Naturen i området er tildels urørt gamal skog. Området har eit stort mangfald, både i flora og fauna. Dette vil verte forringa og øydelagt i anleggsperioden, og det økologiske systemet vert forstyrra og på sikt kan verte øydelagt. Dette mangfaldet kan verte øydelagt for alltid.

Vi som eig eigedommane på Nesbø, og ellers heile stranda frå Dyrstad til Ospeneset er allereie særskild råka med natur øydeleggelser med steinbrotet og vindturbin feltet.

Det fører til mindre attraktivt ferie og rekreasjons destinasjon for utleige og aktivitetar. Og også for jakt og fiske.

Vist dei skisserte planane blir vedteke, vil vi oppleve det som særskild belastande.

Vi er sterkt i mot alternativ 2 og 3 slik som det var skissert.

Det beste alternativet for landstrøm til Tampen feltet er å legge det til Grov.

Om det likevel blir landtak fra Merkingneset, så ønsker vi dialog.

Med helsing

Gerd Nesbø og Anders Skreien Gr/Br 35/11.

Linda Leirvik Gr/Br 35/41.

Stig-Arve Leirvik 35/42.

Jan Edvin Aspenes, Anne Jenn Aspenes og Elin Aspenes Gr/Br 35/9.

Åsmund Nesbø Gr/Br 35/8

Christian Moltu Gr/Br 35/10

Sissel Roland Gr/Br 36/5

Nesbø Dyrstad Grendalag Org.nr. 925 226 300.